



10.

## Aktuelle kyrkjegardsspursmål.

Radioforedrag af Havearkitekt Pål Sæland.

Det finnst mange måtar til å heidra minnet om far og mor og dei andre kjære som ikkje er meir. Ein av dei finaste er utan tvil den som syner seg i trongen til å hegna um den grunnen der dei døde kviler.

Når ein står ved dei mosegrodde tuvone på ein burtgløymd kyrkjegard ligg det nær å tenkja på at her kviler då dei farne led av dei slekter som byggjer og bur her i kring. Var deira slit og strev so heilt utan verd, avdi dei synest å vera gløymde for alltid. Let dei då ingen etter seg som kjenner trong til å syna at kjærleik og takk-semd kann vara utyver døden.

I andre land, særleg Amerika og Tyskland, hev dei alt lenge freista å gjera kyrkjegardane og gravene so vakre som råd er. I det siste hev dei og kome bra med sume stader i grannelanda våre medan me endå hev mykje att. Men derfor er det ingen grunn til å missa motet. Ja for eit lite folkesamfund kann det til og med stundom vera ei vinning at ein er litt uti rekkja når det gjeld slike ting.

Landsbygdene og dei mindre byane hev i dag ein sjanse til å springa yver eit lite verdfullt kapitel i kyrkjegardskunsten dersom dei i tide ser seg um, men der er diverre ting som tyder på at mange ikkje gjer det og at dei for full fart styrer inn i det same uføret som ein no balar med å koma ut av ved dei store byane.

10. Gravmonument af Klæbersten (For- og Bagside), Vågå, Norge. (Billedteksterne skyldes Redaktionen).



Kyrkja og gravplassen hev frå gamall tid vore fast bundne til kvarandre. Ein lyt tru at det nett var eit av dei store ytre skilje millom heidendom og kristentru dette at alle dei døde skulde kvila i vigsla jord med kyrkja som det store og samlande symbolet. I sin enklaste form var denne gravplassen ved kyrkja sin innhegning der gravene låg tett i tett utan andre millomrom til gangar eller plantingar enn det som lova kravde, og ofte snaudt nok det. Var dei store vart dei gjerne delt upp i mindre teigar med ein og annan veg, og fekk ein planta tre langs med desse vegane vart det reint gildt. Denne grunnforma hev halde seg gjennom hundrad av år og er stort set den same utyver bygdene den dag i dag.

Desse gravplassane var og er skjeldan større enn at kyrkja naturleg vert det store centralmonumentet. So lenge det dertil berre var fåtalet av gravene som hadde varande kross eller merke, og desse i seg sjølv ofte var reine meisterverk av fin handverkskunst, kunde desse kyrkjegardane endå få stil og ro yver seg sjølv um det meste av gravene låg ope for synet på same tid.

Verre vart det då den store materielle framgangen utetter 1800 åra førde med seg at folketalet brått tok til å veksa mange gonger forare enn fyrr, særleg ved dei store byane. Dei gamle gravplassane ved kyrkjone vart fort for småe, og nye og større laut takast i bruk utanum bygrensone. Desse store gravplassane langt burte frå kyrkjone var noko nytt som melde seg brått og kravde å verta løyst med ein gong, lenge fyr spursmålet hadde fenge tid til å mognast so dei kunde få ei høveleg form. Det gamle rutemønstret med vegar og trekkjor vart difor framleides nytta, og ein fekk store opne graveigar i rekkje og rad, den eine syrgjeleg lik den andre. Frå fyrst av var det og gjerne småkårsfolk, som laut nytta dei nye kyrkjegardane.

Medan den personlega skapargleda lyfta dei gamle kunsthandverkarane upp til å verta læremeistrar og skirseldar for kunstsansen i folket, vart dei nye so måtelege tenarar som fyrst og framst retta seg etter kva folk helst vilde ha, anten det so var vist eller gale. Former, symbol og motiv vart blanda saman meir etter det som var billeg og lett let seg selja, enn etter estetiske krav. Dette førde med seg at der sansen for å stella på kyrkjegarden var stor i denne tida, der vart gravene mest nedleste av steinkarmar og lite verdfulle monument. På den måten hev ein fenge det tragiske tilstandet at dei gravplassane som ei tid vart haldne for å vera dei finaste, i dag er dei verste samlingar av smaklaus gravkunst, medan dei stader der det den gongen lite eller ingenting vart gjort i dag hev langt lettare for å nytta ut dei nye framstega.

Her er det at tampen brenn for landsbygdene no. Interesse for stellet på gravene er i sterk og gledelig vokster. Det gjeld berre at ein frå fyrst av kann få den inn i det rette faret, so ikkje landsfolket fyller op på gravene sine med det som ein gong galdt for å vera fint ved byane, men i staden tek vare på sin eigen gravkunst og ellers let tre, blad og blom få største romet.

Det var serleg amerikanarane og tyskarane som fyrst tok til å arbeida med å finna vakrere former for dei nye gravplassane. Det fyrste dei prøvde med var å gjera kyrkjegardane umlag som ein park, berre at bakken vart nytta til graver. Amerikanarane kom best ifrå dette. Dei var nok ofte heller romantiske etter vår smak, men dei miste aldri heilt evna til å sjå ærleg og endefram på naturen, og det berga deim yver mykje av vanskane, og Amerika fekk mange vakre kyrkjegardar av dette slaget (se f. Eks. Fig. 12).

I Tyskland gjekk det ikkje fullt so bra. Dei åtte ikkje det same opne synet for



venleiken i naturen slik som han var, men skulde stella og retta på so mangt, og fyrr dei visste ordet av hadde det heile vorte stivt og livlaust. Hjø deim flutte og steinkarmar, høge gravhaugar og smaklause minnesmerke inn på plenane i parken, og utsynet yver teigane vart like vonlaust og uroleg som det fyrr hadde vore. Difor vart desse fyrste landskapelege kyrkjegardane berre eit steg på vegen framyver for tyskarane, medan dei i Amerika hev halde seg umlag like eins heilt til i dag.

Sidan hev Tyskland og Europa ellers nådd fram til umlag det same som amerikanarane gjennom skogkyrkjegardane. Som namnet fortel vart det her helst valt grunn som alt frå fyrr hadde høveleg skog. Dei einskilde gravene vart anten lagde spreidde millom trea, eller og i større eller mindre rudningar i skogen, der dei kunde liggja tettare saman. Fleire av desse kyrkjegardane vart særst vakre, men dei høvde ikkje so godt for store byar avdi dei kravde etter måten meir plass, sidan gravene ikkje kunde liggja so tett som ellers dersom skogen skulde trivast. For landsbygdene og dei mindre byane her hjå oss skulde skogkyrkjegardane likevel høva særst godt. Me burde ha råd til romsame gravplassar i eit land med berre 9 menneskje på kvar rutekilometer. Det finnst kring um i landet ei mengd lundar og skogrullar ofte like innpå kyrkjegardane, der det med liten kostnad kunde lagast dei finaste gravlundar ein kunde ynskja seg (sammenlign Fig. 18).

Det er vel helst steinkarmane og dei høga jordhaugane som er skuld i at allting helst skal liggja i vater. Kunde me koma oss lause frå dette måtte vel me og i større mun kunna nytta ut det naturlige lendet slik som amerikanarane. Kva gjorde det vel med ein haug og nokre digre gråsteinar her og der, eller ein og annan fure og bjørkelegg. Kanskje kunde steinane samstundes nyttast som minnesmerke. Dei vilde særleg i skog og fjellbygdene våre vera langt betre til det enn blankslipte marmorplator med gullbokstavar, nett av di dei so fullt og heilt høyrde naturen og folket til. Sjølv sagt kann grunnen ofte vera leid med fjell og stor stein her og der, men i mange høve vilde det nok gå lett å få folk til å taka den ekstra kostnaden det kunde verta på denne måten med gravinga um dei ellers kunde få ein plass som låg fritt og vent til.

Der dei ikkje hadde høve till å lage seg skogkyrkjegardar laut dei finna andre måter til å gjera dei nye gravplassane so vakre som råd var. Det verste var dei store opne graveigane som var fulle av allslag billeg stein krimskrams og smakløyse, godt og dårleg i ein endelaus disharmoni (se Fig. 14). Det vart freista på mange måtar å retta på dette med å planta meir av ymse slag buskar og tre. Alleane langs med vegane var det ikkje so mykje hjelp i, graveigane låg mest like opne og snaude for det. Ei tid var det vanleg å leggja dei fine gravene fram til vegane og planta tett bakum so ein fekk løynt burt det meste av det som låg innanfyre. Men med dette hadde dei berre gjort skiljet større millom fatig og rik og var ellest mest like nær. Fyrst då dei tok til å planta innyver teigane, anten spreidd kringum for å gjeva det heile eit drag av grønt, eller som tette belte av frie plantingar, eller og som klipte hekkar, vart det råd å få delt upp dei urolege „steinåkrane“ i mindre rom, som samstundes kunde bindast soleis til kvarandre at det sett i samanheng kunde verta ein vakker kyrkjegard.

Dei einskilde roma vart sakte meir rolege og fredelege på denne måten, men det var likevel vanskeleg å få noko heilt godt ut av det so lenge som folk fekk lov til å setja upp som gravsteinar kva som helst kor dei vilde. Dei såg ofte meir etter det som var rart og som ingen fyrr hadde maken til, enn etter det som verkeleg var vakker og som ellers høvde til staden. So laut dei då etter kvart til med å setja reglar



og påbod for dei ymse slag minnesmerkje. Det vart til dømes tidleg kravt at gravsteinar som naturleg kom til å sjåst samstundes, og skulde ha ein grand likskap med kvarandre. Slik at ein kunde sleppa å få ein stein på 4–5 meter inne millom andre som var ganske låge, når grunnen kanhenda berre var den at den eine hadde litt meir pengar enn dei andre. Ja dei hev mange stader gjenge so langt som å krevja at på særskilde avdelingar der lendet og tilhøva ellers gjer det ynskjeleg, skal alle minnesmerke vera heilt like (se Fig. 15).

Mange vil kanskje synast at dette er stridt mykje av påbod og tvang, og vil hevda at på kyrkjegarden må folk få lov til å fylgja sin eigen hug avdi det ofte kann vera tungt nok for deim likevel. Men på alle umkverve der mykje folk kjem tett saman lyt der reglar og tilsyn til, dersom sjølvkjensla og egoismen ikkje skal få for stort rom. Det ligg i all fall høgt yver all tvil at kyrkjegardane på den måten kann verta mykje venare og meir harmoniske enn ellers.

Kva kunde der ikkje bergast til dømes i naturleg skoglende um ein i tide fekk sett fast at alle minnesteinane skulde taka umsyn til og retta seg etter naturen ikring. Um det på ein uneleg rudning i skogen berre vart bruka flate plator eller ganske låge gravsteinar, vilde trea og bakken koma ganske onnorleis til sin rett enn når det heile vert gjort um til ei steinrøys eller ei nålepute. Når det lid so langt som til kyrkjegarden er alle heller like so det og av den grunn ikkje er rette staden til å syna rikdom og makt. Mange synest diverre endå å meina at til meir stein dei kann få på gravstaden til gildare vert det. Dei fleste vil nok likevel skyna at det er måten eit minnesmerke er gjort på og korleis det elles høver til staden, som fyrst og framst gjev det verd. Mange stader i utlandet finnst det påbod um steinslag, fargar og sjølve yta av minnessteinane.


Mange vil gjerne ha noko å sitja på ved gravene, og so kjem dei titt og ofte dragande med store hagebenkjer som fyller halve gravstaden og ofte reint tek luven frå monumentet, som vel skulde vera det fornemste. På dei likaste kyrkjegardane utanlands er det difor vanleg heilt å nekta benkjer og stolar inne på gravene, og i staden freista å laga særskilde sitjeplassar der ein benk eller to kan vera til nytte for fleire gravstader på same tid.

Etter kvart som interessa for kyrkjegardane aukar, og minnesmerka vert fleire og større, vert det og meir naudsynt å planta tre og buskor for å skilja og grensa av, um ikkje det heile skal enda i uro og rot. Men dette må gjerast med skynsemd og umtanke for samverknaden av heile kyrkjegarden, og ikkje ved at den einskilde med hekkar, stakitgardar eller kva det no kann vera freistar å gjerda sin gravstad inne mot alt og alle. Det maktar han so likevel ikkje, dertil ligg gravene altfor tett saman. Det vert berre bingar, gardar og dokkeverk som gjer kyrkjegarden meir uryddig og uroleg enn noko anna. På same måten verkar dei høge jordhaugane og steinkarmane. Desse to siste vil nok verta dei verste hindringar ein kjem til å støyta på i arbeidet for å gjera kyrkjegardane vakrare.

Det fyrste opphavet til desse jordtuvone er vel endefram det, at etter ei jordeferd vil alltid den lausa jorda yver grava liggja høgare enn bakken kringum. Smått um senn hev so denne tuva gjenge inn i stellet av gravene som ein dekorativ del. Ingen finn vel lenger på å planta blomane i hagen sin på toppen av ei høg tuve. I alle fall er det lett å skyna kor gale det er. Særleg landsfolk og alle andre som steller med plantor skulde skyna at det er umlag den ringaste veksestaden ein kann finna til



11.



12.

13.



14.

15.



16.

17.



18.

plantone å setja deim på toppen av ein slik høg haug som lett turkar ut i sumarvarmen. Er dertil jorda i seg sjølv lett og turr, kor vanskeleg må det ikkje då verta å planta på gravene særleg utyver bygdene der vegane er lange og det er smått um tid og kanskje vatn med. Ein må då ha lov til å tru at det er blomane og ikkje jord-

11. Landsbykirkegaard uden Grusgange, Os i Østerdalen, Norge. 12. Parkkirkegaard, Cincinnati, Ohio, U. S. A. 13. Hækplantninger, der vanskeliggør Trivselen af Blomster. 14. Urolig og smagløs Gravkultur. 15. Smukt afstemte Mindesmærker, Stöcken, Hannover. 16. Stilfulde Gravminder af Træ, Vågå, Norge. 17. Smukt Sammenspil mellem Kirkegaardsmuren og Kirkegaardstræerne, Stange, Norge.

18. Et Sogns Mindelund over faldne Danske fra Verdenskrigen, Sønderjylland.



haugen som er stasen. Til dette kjem at det som oftast er svært vanskeleg og få noko godt samband millom desse haugane og gravstytterne. Set ein deim for enden av haugen vert ikkje sambandet rart, eller og gror haugen upetter monumentet og sjemmer det på den måten. Å setja stytta på toppen av haugen vil og sjå underleg ut, og ein må vera budd på at ho kann siga skeiv og ramla ned kva tid det skal vera. Det er og etter måten mykje arbeid med å halda ein slik haug i stand. Kantane må såst eller torvsetjast rett som det er, og dertil klyppast og stellast på annen måte um det skal vera noko stas ved det.

Truleg for å sleppa noko av dette arbeidet hev det so vorte vanleg å setja høge karmar av stein kring gravene. Ja det hev reint vorte mote av det, so folk synest at skal gravstaden sjå skikkeleg ut lyt det steinkarm til, og fyrr ein veit ordet av hev kyrkjegarden vorte ei einaste stor steinrøys. Byane hev diverre gjenge fyre her og no kjem bygdene etter so godt dei kann. Etter at mykje arbeid og tusundtal av kronor er kasta burt på dette er totalinntrykket av kyrkjegarden oftast verre enn fyrr. Dei høge haugane, og seinare steinkarmane hev lenge vore, og er framleides stört set grunnlaget for stellet av gravene. Men dette at tilstandet på gravplassane kann verta verre og verre til meir folk steller der tyder på at det ikkje er det beste grunnlaget for nye framsteg. Det held utan tvil på å føra kyrkjegardskulturen vår inn i ei blindgate som det kann koma til å ta lang tid å koma seg ut av, dersom me ikkje snart stansar upp og ser oss om. Det kann høyrast stridt ut dette, men dersom ein samanliknar det me hev sjølv med det som finnst til dømes i andre germanske land, skynar ein fort at mykje kunde vore onnorleis.

På dei kyrkjegardane me i dag finn kringum i landet ligg gravene so tett at ein vilde koma mykje lenger med å freista finna former for stellet slik at den einskilde gravstaden kunde hjelpa den andre til samanlagt å verta ein vakker dekorasjon. Men då nyttar det lite med høge haugar, steinkarmar eller hekkplantning kring dei einskilde gravene. Til meir dei kan få liggja fritt og ope og i høgd med lendet ikring til meir roleg og romsleg vil det heile sjå ut. Kann ein ha grasbakke i gangane og graset ikkje får verta for langt, er det utan tvil den finaste råma ein kann ha kring gravene. Skulde tråkktet verta for sterkt kann ein i staden leggja steinhellor i gangane. Dei gjev og gravstaden ei klår og fast råme, og samstundes turre reine ganger å gå i. Gravplassen kjem på den måten til å liggja so ope og fritt at han vil gjera mykje meir av seg enn um han vert laga um til ein steinkasse med jord i. Det er og ei stor vinning å få setja monumentet midt på gravstaden når denne ligg open til alle sidor. Stytta vil då naturleg få ei form so ho vel tåler å sjåst frå alle kantar, og alle sidone kann nyttast til innskrifter. Ved dette vil ein sleppa alle dei tome blinde baksidone av gravsteinane som no so ofte grin ein i møte.

Steinen vert halden for å vera det gildaste vyrke til minnesmerke, men tre og jarn hev og vore mykje nytta. Særleg treet skulde vera lagleg for mange avdi det ikkje fell so dyrt. At trestyttone kan vera lika staselege som noko anna hev me gode døme på frå bygdene våre. Men det er diverre her som med so mykje anna at det eldste ofte er best. Det hev i seinare tid vore lagt lite arbeid på å finna høvelege former for deim, og i staden hev me finge alle dei store sprikande trekrossane, som ofte er spikra saman med liten sans for det som er vakert. Ogso i smie- og støypejarn finnst det mange fine ting frå tidlegare tider. Det var berre å ynskja at einkvan vilde taka upp arbeidet med deim att, og gjeva deim ein ny renessanse med motiv





10.

og former frå vår eiga tid. Det same kan segjast um klebersteinen (se Fig. 10), dette særmerkte steinslaget vårt som skulde vera mest ideelt til gravsteinar, avdi det både er sær sars varande og samstundes lett leg seg forma. Av alle dei fine skiferhellone våre i ymse fargar, måtte det og kunna lagast mykje god og billeg gravkunst.

Ogso når det gjeld denne skifter motane med tidene, og her som elles hev bygdene so lett for å taka etter byane, anten det so er godt eller gale. Etter kvart set dei no større krav til gravkunsten ved byane, og industri og kunsthandverk held atter på å finna kvarandre, men samstundes sig det billegaste og dårlegaste som der er å få som ein farang utyver bygdene, og tyner det som endå er att av gamall god bygdekunst utan å setja noko nytt og betre i staden. Ja sjølv uppe i dei avstengde fjellbygdene hev dei freista fylgja med i dette so godt dei hev kunna. Og so står då desse framande gravsteinane der i all sin fatige kvardagslega stas, med glinsande flator og gullbokstavar, inne millom minnesmerka i det heimelege vyrket, som er eit med naturen og menneskja ikring, avdi folket sjølv hev lagt ned i deim synet sitt og tankane sine um det som var vent.

Ved mange av kyrkjegardane våre er hegnet kringum ofte sær sars vel frå seg gjort (se f. Eks. Fig. 17). Det laut sjølv sagt vera trygt sterkt, men hadde nok samstundes og ei meir symbolsk oppgåve som råme um kyrkja og gravene, som var freda for allslag strid og agelaus framferd. Dette siste var likevel ikkje til hinder for at garden vart bygd slik at han og kunde tena som forsvarsverk i eit knipetak. Dette veit me hev vore tilfelle med dei gamle kyrkjegardsmurane på Trondenes i Nord Noreg.

Gjennom det ulike vyrket merker ein trongen til å gjeva kyrkjegarden eit gjerde som kunde skapa ei kjensle av fred og ro både inne og utanfrå.

Dette er ting me gjerne kann ha i minnet den dag i dag. Vel er det so at me på mange måtar må byggje onnorleis enn dei gamle gjorde, men med viljen og rette synet kunde mangt eit høve nyttast betre enn det no vert gjort. Sjølv ein einfeld gard av torv og stein, vilde gjeva ei trygg og roleg kjensle som ein aldri kann nå

19. Stærkt disiplinerede Gravminder og Gravstedsplantninger uden Baghæk for Mindesmærkerne. Østra Kyrkogård, Malmø.



med ein stakittgard eller eit ståltrådgjerde. Men diverre er ikkje dei siste alltid so lette å koma undan særleg ved dei store kyrkjegardane i byane.

På dei mindre kyrkjegardene vilde det vera mykje rettare å leggja arbeidet på å få ein jamnare og meir sammanhangande grasbakke (se Fig. 11), og so slå den so ofte ut etter sumaren at folk slapp å vassa i høgt gras når dei vilde fram til gravene. Det vilde då vera langt lettare å få deim til å slutta med dei høge tuvone og steinkarmane, eller i all fall få høgda på haugane ned til ein 5–10 cm og berre med det vilde mykje vera vunne. Er vegen lang og det er lite med stunder til å stella på kyrkjegarden er flate steinhellor yver gravene gode og varande minnesmerke.

Her og der kringum i Landet finnst det private gravplassar utanum kyrkjegardane. Det kann vera einskilde menn eller kvinner som hev kjent seg so sterkt bundne til den staden der dei livde og døydde at dei og vilde verta gravlagde der. Ofte er det vel og eit ynskje um på denne måten å binda ætta fastare til staden, som ligg til grunn for det.

Tanken er fin og god, men ein bør ogso hugsja på at det no ein gong er livsens lagnad at slektene skyt upp, blømer og atter vert burte. I vår tid fer folk og meir og vidare enn fyrr for å finna seg eit yrke etter sine evnor og interessor, og vert difor mindre stadbundne. Dette vil lett føra till at slekter skifter frå bondeyrket til embeds eller bymenn, og frå den eine delen av landet til den andre. I slike høve kann det ofte koma til å kjennast sårt at gravene til federne skal liggja att på privat grunn ein stad der ein ikkje lenger høyrer heime, og der ein kanskje til og med so halvt lyt beda um lov for å sjå til deim.

Vil ein likevil laga seg ættegravplass på privat grunn, bør staden veljast slik at han lett kan skiljast ut og halda fram som slektseigedom anten ein bur nær ved eller ikkje. Slike gravstader hev likevel i lengda lett for å koma i forfall og verta gløynde. Kunde ein i staden få store og meir romsame kyrkjegardar der det var høve til å festa større stykkje og på lang tid, kunde ein vinna umlag det same, og her vilde det alltid vera lettare å få ordna med noko tilsyn ved gravene um ein ikkje hev høve til å stella der sjølv.

For mange står kyrkjegardane som det beste døme på sit folks kultur, medan andre bryr seg lite um korleis gravene ser ut. Ein ting er i all fall visst, og det er at ei velsteld grav er eit av dei finaste ettermæle ei kvinne eller ein mann kann få. Det syner at dei i livet hev stelt seg slik at dei liver vidare i minnet til deim som stod dei nær.



20. Ensartede Hække og Gravmæler, undergivet regulerende Bestemmelser, Københavns Vestre Kirkegaard.